

# H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

TELEFONSTYREMØTE

---

Møtedato: 30. mars 2020

Tidspunkt: kl. 0900 – 1030

Som medlemmer møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Edel K. Goksøyr, Margareth Leinebø, Truls Håbakk, Anne Holstad og Ole Andreas Sæther

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S17/20 – S24/20

---

## **Vedtaksaker:**

---

### **SAK NR S17/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

#### **Tilråding til vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

#### **Styrehandsaming:**

#### **Vedtak, samr.:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

---

### **SAK NR S18/20 GODKJENNING AV PROTOKOLLANE FRÅ 27. FEBRUAR 2020 OG 20. MARS 2020**

#### **Tilråding til vedtak:**

Protokollane frå styremøta 27. februar 2020 og 20. mars 2020 vart godkjende og signerte.

#### **Styrehandsaming:**

#### **Vedtak, samr.:**

Protokollane frå styremøta 27. februar 2020 og 20. mars 2020 vart godkjende og signerte.

---

**SAK NR S19/20**  
**GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPET FOR 2019**

Rekneskapet for 2019 vart lagt fram til orientering på styremøtet 27. februar 2020. Det er ingen endringar frå den gangen. Rekneskapet inneheld endringane som vart vedtatt i representantskapet 15. november 2019 – der selskapskontrollen for åra 2010 – 2018 vart formelt behandla. Endringane har sjølvstøtt påverka både rekneskapet og resultatet for 2019. Både administrasjonen og styret har vore spesielt opptatt av at fordelingsnøklar er korrekt brukt og ført i rekneskapet.

Årsrekneskapet for 2019 er vedlagt – og foreløpig unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd. Revisor si melding blir lagt ved rekneskapet når den er ferdig.

**Tilråding til vedtak:**

Styret godkjenner årsrekneskapet for 2019 og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret godkjenner årsrekneskapet for 2019, med dei tilleggane som kom fram i møtet, og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

---

**SAK NR S20/20**  
**GODKJENNING AV EIGARMELDING FOR 2019**

Som sist, er årsmeldinga slått saman med eigarmeldinga, der sistnemnde – i følge styrande dokument – skal skrivast og overleverast til eigarane. All vesentleg informasjon frå begge dei tradisjonelle dokumenta ligg i den vedlagde eigarmeldinga.

Sjå vedlagde eigarmelding for 2019 – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret godkjenner eigarmeldinga for 2019, og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret godkjenner eigarmeldinga for 2019, med dei endringane som kom fram i møtet, og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

---

**SAK NR S21/20**  
**GROVAVFALL INKLUDERT I GEBYRET OG GEBYR FOR LEVERING AV**  
**HAGEAVFALL**

Saka skal opp som orienteringssak i representantskapet i mai og opp til endeleg vedtak i same organ på budsjettmøtet til hausten.

Når det gjeld grovavfall inkl. i gebyret, er det mykje som talar både for og i mot. Elles vil nok å ta betaling for å ta i mot grein- og hageavfallet vere både uvanleg og kontroversielt.

Sjå vedlagde utgreiingar – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande.

**Styrehandsaming:**

Styret meiner at miljømessige omsyn også er viktig ved sidan av spørsmål om nødvendig auke i renovasjonsgebyret. Det same er økonomien (inntekter og kostnader) for begge fraksjonane i forslaget.

**Vedtak, samr.:**

Styret tar orienteringa til vitande.

---

**Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:**

---

**SAK NR S22/20**  
**DAGLEG LEIAR ORIENTERER**

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Status for SSR og Covid-19 (koronaviruspandemien).
- Smitte i ei celle gir karantene kun for den cella der smitte er konstatert.
- Administrasjonen vil løpande iverksette nødvendige tiltak.
- Eigarkommunane skal haldast løpande orientert om viktige saker.
- Eit par mindre saker.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar orienteringa til vitande.

---

**SAK NR S23/20**  
**SAMARBEID I REGIONEN**

Kort orientering om status for samarbeid i regionen, inkl. VAR-prosjektet.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar orienteringa til vitande.

---

**SAK NR S24/20**  
**SAKLISTE TIL VÅRMØTET I REPRESENTANTSKAPET**

Kort gjennomgang av saklista og sakene til møtet i representantskapet i mai. Sjå vedlegget – som foreløpig er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar orienteringa til vitande.

---

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 30. mars 2020



George Fulford  
styreleiar



Håkon Vestnes  
nestleiar



Margareth Leinebø



Edel K. Goksøyr




Truls Håbakk



Anne Holstad



Ole Andreas Sæther



Einar Heimdal  
dagleg leiar